

## SMIL 2019

NB! Du søker på AltInn

**SØKNADSRIST 29. mars!**

Føremålet med tiskotsordninga for **SMIL** (spesielle miljøtiltak i jordbruket) er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket. Kommunen inviterer gardbrukarar, og andre som er søkjegode etter ordninga, til å søkje.



Søknader om tilskot til organisert beitebruk blir handsama av Fylkesmannen, sjå:

<https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Tilskot/tilskot-til-tiltak-i-beiteomrade/>

### Tiltak som kan få støtte:

- **Planleggings- og tilretteleggingstiltak:** Tiltak som krev omfattande planlegging tilrettelegging før iverksetjing
- **Kulturlandskapstiltak:** Tiltak for å ta vare på biologisk mangfald og gammal kulturmark, vedlikehald av kulturminne, bygningar og tilrettelegging for tilgjenge i landskapet
- **Tiltak som reduserer ureining frå jordbruket:** Særskilte bygningsmessige miljøtiltak, utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg, miljøplantingar og økologiske reinsetiltak

### Rettleiande prisar for SMIL-tiltak:

#### **Oppsetting av gjerde (kr/løpemeter):**

Prisen kan variere avhengig av type netting, terreng, behov for rydding, transport osv.

- Vanleg nettinggjerde, ferdig oppsett (inkl. arbeid) : 80-90 :

#### **Rundbalgelager**

- Inngjerding/innhegning av permanente lagerplassar \*) : 130 kr/lm

#### **Restaurering av steingjerde (kr/løpemeter):**

Svært varierende avhengig av tilstand.

- Restaurering av mur; høgde 120 cm og med lokal stein (inkl. arbeid) : 150

**Rydding av gamal kulturmark (kr/dekar):** Prisen kan variere mykje avhengig av kor tett det er med vegetasjon.

- Lett rydding - lett tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) : 800
- Middels tung rydding - middels tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) : 1 500
- Tung rydding - t.d. bratt areal (inkl. arbeid) : 2 000

#### **Døme på godkjende kostnader/prisar (kr/time)**

- Eige arbeid : 200
- Arbeid med bruk av eiga motorsag : 300
- Arbeid med bruk av eigen traktor : 500

\*) : Dekkjer berre kostnader til gjerde/innhegning (ikkje opparbeiding av arealet t.d.)

**NB! Ikkje søk om fleire tiltak i same søknad, t.d. hydroteknisk tiltak og gjerding!**

**Grunna små løyvingar må vi setje eit tak på to – 2- søknader pr. søkjar.**

Sakshandsamar, SMIL: Inge Bjørdal

E-post: [inge.bjordal@stranda.kommune.no](mailto:inge.bjordal@stranda.kommune.no). Tlf.: 464 11 023.